



Både Ove M. Myhre, Kristian O. Bringedal og resten av styret held fram i friluftslaget

Både leiar og kassastyrar Ove Magne Myhre og resten av styret held fram etter at Uskedal friluftslag hadde årsmøte på Stemneplassen i kveld. Dei andre i styret er: Tormod Myklebust, Kristian O. Bringedal, Johannes Feet Kaldestad og Selma Eik. Trass i at berre 3 av 10 medlemslag var representerte på årsmøtet, rådde det ein positiv stemning.

Både årsmelding og rekneskap vart godkjende ved akklamasjon. Årsmeldinga fortalde om godt arbeid frå styret og positivt engasjement av nokre av medlemslaga. Ungdomslaget arrangerte bingo til inntekt for Stemneplassen som innbragte heile 9500,-kr medan Musikklaget hadde konsert på Stemneplassen som gav Friluftslaget i overkant av 4000,-kr.

Dette positive engasjementet resulterte i at rekneskapet gav eit overskot på 1600,-kr etter at kostnadene var pressa ned til eit minimum.

Av andre inntekter kan vi nemna leigeinntekter. Lokala på Stemneplassen er ypperleg eigna til møtelokale og til selskapslokale til lag på om lag 20. Leigeprisen er og lav: 300 kr for møte og 500 for selskap. Til dette føremålet kunne nok lakala vore meir brukt, veileigna som dei ligg midt i kommunen.

Medlemspengane vert som før, 500,-kr for lag og 100,-kr for einskildpersonar og støttemedlemmer. Ved å betala medlemskontigent på 1000,-kr kan ein ha gratis møtelokale heile året.

Det har vore fleire dugnader i året som gjekk. Det er også planlagt dugnadsarbeid framover, og då vil det verta gjort både vedlikehaldsarbeid og rydningsarbeid. Den årlege dugnaden før 17.mai, vert i år torsdag 7.mai kl.18.00.

Styret er veldig interessert i gode tankar om korleis plassen kan brukast. Dei ønskjer at den skal verta meir brukt til ulike aktivitetar.

Det kom også fram eit ønskje om at det vart sendt eit brev til 17.mai-komitèen med ønskje om at ettermiddagsarrangementet vart lagt til Stemneplassen.

På årsmøtet vart det også vedteke at Uskedal friluftslag skal melda seg inn i Frivilligregisteret. Dette er

nødvendig for å søkja på ulike stønadsordningar.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland